*Det er opp til søker å sannsynliggjøre at det er et behov for det konkrete tilbudet det søkes om å etablere. Akershus Toppidrettsgymnas AS har anført at oversøking på eksisterende tilbud viser at det er et behov for flere toppidrettstilbud. Oversøking viser, etter departementets vurdering, kun at det er flere elever som ønsker å benytte seg av toppidrettstilbud enn det er plasser til. Det betyr ikke nødvendigvis at det er behov for flere toppidrettstilbud. Toppidrettsgymnas kan prioritere søkere på grunnlag av ferdigheter og/eller eventuell inntaksprøve. Slik prioritering vil sikre skoleplass til de elevene som tilbudet primært er rettet mot, altså elever som presterer på et høyt nivå i sin idrett. Søkere som ikke blir prioritert, er ikke nødvendigvis på et nivå som tilsier behov for særskilt tilrettelegging selv om søkerne selv ønsker å benytte seg av et toppidrettstilbud.*

*Det finnes i dag et omfattende og variert toppidrettstilbud bestående av både offentlige og private skoler. Bare hittil i 2014 har det blitt godkjent fem nye private toppidrettsgymnas med totalt 450 elevplasser. Foruten denne klagesaken, som omhandler 270 elevplasser, har Kunnskapsdepartementet tre andre klagesaker som til sammen gjelder 810 plasser. Departementet finner ikke at det generelt er behov for den økningen i antall toppidrettsplasser som godkjenning av fire nye skoler vil medføre. Det vises i denne sammenheng til uttalelser fra Norges Idrettsforbund og Olympiatoppen om at det er viktigere å arbeide for at flere av de eksisterende skoler med tilrettelagte løp for idrettsungdom får bedre kvalitet, enn å opprette flere toppidrettstilbud.*

**Postadresse:**
Postboks 9359 Grønland,
0135 OSLO

**Telefon**
+47 23 30 12 00
**Org.nr.:**
NO 970 018 131

**E-post:**
post@udir.no
**Internett:**
www.udir.no

Utdannings-
direktoratet

*Dersom det etableres flere toppidrettsgymnas enn det reelt er behov for, er det en risiko for at intensjonen med godkjenningsgrunnlaget ikke nås. Elevgrunnlaget vil da i liten grad bestå av elever som faktisk er på et toppidrettsnivå eller som satser på idrett med dette som siktemål. Et for stort antall toppidrettsgymnas vil også gjøre det vanskeligere for skolene å rekruttere trenerressurser på et nivå som er nødvendig for at skolene skal være egnet som et særskilt tilrettelagt tilbud for fremtidens toppidrettsutøvere.*

*Bakgrunnen for at det i 2007 ble åpnet for å gi godkjenning til å drive videregående opplæring i kombinasjon med toppidrett var at det den gang var en ujevn fordeling av slike tilbud, og det var et ønske om å legge til rette for toppidrettstilbud flere steder i landet. Etter departementets vurdering er det ingen geografiske hensyn som taler for at Akershus Toppidrettsgymnas bør etableres. Det finnes allerede en stor variasjon av spissede toppidrettstilbud i Akershus fylkeskommune og i området rundt Akershus, blant annet i Oslo, Tønsberg, Fredrikstad og Kongsvinger.»*

I 2016 avslo Utdanningsdirektoratet søknader fra Norges Toppidrettsgymnas Lørenskog AS og Norges Toppidrettsgymnas Kristiansand AS med begrunnelse som bygget på de samme vurderingene som var gjort i vedtaket for Akershus Toppidrettsgymnas AS, at behovet for flere toppidrettsskoler ikke var tilstede.

Norges Toppidrettsgymnas Bergen AS skriver bl.a. følgende i sin søknad:

*Idretten i Bergen med Olympiatoppen Vest i spissen, har igjen ytret ønske om at Norges Toppidrettsgymnas etablerer seg i byen, noe vi tar på alvor ved å søke om godkjenning for Norges toppidrettsgymnas Bergen (NTG Bergen). Ved en etablering i Bergen vil fremtidige elever og idrettsutøvere få en unik mulighet til å kombinere videregående skole og satsning på toppidrett. Utallige er tidligere NTG - elever som har blitt toppidrettsutøvere både på nasjonalt og internasjonalt nivå, i tillegg til at de er blitt gode ambassadører for idretten og på andre arenaer i det norske samfunnet/samfunnet forøvrig.*

*Ved etablering av NTG Bergen vil vår primære målgruppe være søkere bosatt i Bergen kommune og Hordaland fylke, selv om skolen er åpen for inntak fra hele landet. Norges Toppidrettsgymnas har gjennom en årrekke hatt mange elever fra Hordaland og Bergen, både ved NTG Bærum, NTG Geilo, NTG Kongsvinger og NTG Lillehammer.*

*Fotballklubben Brann og Paradis tennisklubb har på eget initiativ, tatt kontakt med oss, og de har fremmet ønske om at vi etablerer oss i Bergen. I tillegg kan vi nevne Norges Motorsportforbund som ser svært positivt på NTG's planer om etablering. I regionen har Norges Motorsportforbund flere, meget gode idrettsklubber med godt utviklet idrettsmiljø for både utøvere og trenere på nasjonalt og internasjonalt nivå, og vår motorsportavdeling ved Norges Toppidrettsgymnas i Bærum har vært med å utvikle en rekke toppidrettsutøvere i sporten.*

I tillegg er det lagt ved støtteerklæringer fra Brann SK, Gimle basket, Hordaland fotballkrets, Norsk motorsportforbund, IL Sandviken, Paradis tennisklubb, Bergen idrettskrets og Olympiatoppen Vest.

I Kunnskapsdepartementets vedtak i Akershus Toppidrettsgymnas AS' klagesak vises det til at det allerede finnes en stor variasjon spissede toppidrettstilbud i Akershus og området rundt, bl.a. i Oslo,

**Postadresse:**
Postboks 9359 Grønland,
0135 OSLO

**Telefon**
+47 23 30 12 00
**Org.nr.:**
NO 970 018 131

**E-post:**
post@udir.no
**Internett:**
www.udir.no

Tønsberg, Fredrikstad og Kongsvinger. Tilsvarende vurderinger ble gjort i Udirs vedtak til Norges Toppidrettsgymnas Lørenskog AS og Norges Toppidrettsgymnas Kristiansand AS.

I Bergen er det allerede godkjent et toppidrettsgymnas etter friskoleloven § 2-1 andre ledd d, Metis videregående AS. Denne skolen er godkjent for 180 elevplasser for særskilt tilrettelagt videregående opplæring i kombinasjon med toppidrett. Tertnes vidaregåande skule har og et samarbeid med Olympiatoppen Vest-Norge som er i fylkeskommunal regi. I tillegg til dette er det og et samarbeid med Olympiatoppen Vest og Åsane Videregående skole, Amalie Skram vgs og Voss gymnas.

På bakgrunn av dette mener vi at Norges Toppidrettsgymnas Bergen AS vil befinne seg i et område der det i utgangspunktet ikke er behov flere tilbud av denne typen. Men, som det fremkommer av både nevnte vedtak og vurderingene i Prop. 84 L (2014.2015), kan det ikke utelukkes at det kan være behov for flere toppidrettsgymnas i samme geografiske område – særlig der idrettene skolen ønsker å tilby ikke er representert blant de andre toppidrettsgymnasene i området. Det må da gjøres en vurdering av det konkrete tilbudet det søkes om. I motsetning til i omtalte klagesak, har Norges Toppidrettsgymnas Bergen AS listet hvilke idretter som skolen ønsker å tilby. Her nevnes basket, fotball, golf, motorsport, tennis og vannsport, bordtennis, friidrett, håndball, kampsport, padling, e-sport, roing, seiling, skøyter, sykkel og turn. Det er kun sendt inn støtteerklæringer fra klubber/forbund som driver med basket, fotball, motorsport, tennis, håndball og e-sport.

Ut ifra nettsidene til toppidrettslinjen, siden for samarbeidet til Vestland fylke og Olympiatoppen Vest, ser vi at de har tilbud i blant annet fotball, motorsport og håndball. Metis videregående skole AS har tilbud til blant annet fotball, håndball og basket.

I tillegg til dette er det godkjente tilbud innen toppidrett også i Rogaland som tilbyr flere av idrettene i kombinasjon med studiespesialiserende.

De sistnevnte tilbudene kan muligens ikke sies å ligge i geografisk nærhet til Bergen, men for de øvrige gjelder at de er innenfor det som må anses som rimelig reisevei for dem som ønsker seg et spisset toppidrettstilbud. Dermed konkluderer Utdanningsdirektoratet med at hoveddelen av idrettene Norges Toppidrettsgymnas Bergen AS ønsker å tilby, allerede er representert blant skolene i dette området.

I søknaden vises det til forespørsler om et toppidrettsgymnas i Bergenområdet. I tillegg er det lagt ved, som nevnt ovenfor, diverse støtteerklæringer. Dette viser, ifølge søker, at det er behov for den omsøkte skolen.

Som det fremkommer av sitatet ovenfor fra departementets vedtak, er det allerede et ganske bredt tilbud av toppidrettsgymnas i Norge. Mange av disse er plassert på det sentrale østlandsområdet, både ved offentlige skoler og ved friskoler. At det er oversøking ved de andre skolene, er, som det fremkommer av Prop. 84 L, ikke i seg selv et argument for at det er behov for den omsøkte skolen. Direktoratet kan dermed heller ikke se at stor etterspørsel etter tilbudet innebærer at det er *behov*, slik departementet definerer behov i denne sammenheng. Vi påpeker at behovsvurderingen for skoler etter friskoleloven § 2-1 andre ledd bokstav d er strengere enn for andre skoler som driver etter de andre grunnlagene i friskoleloven: For toppidrettsgymnasene vil det derfor ikke være tilstrekkelig at det ikke er ledige plasser ved lignende tilbud i området for å kunne si at det er behov

**Postadresse:**
Postboks 9359 Grønland,
0135 OSLO
**Telefon**
+47 23 30 12 00
**Org.nr.:**
NO 970 018 131
**E-post:**
post@udir.no
**Internett:**
www.udir.no

Utdannings-
direktoratet

for skolen. At sentrale aktører innen idretten støtter opprettelsen av skolen, tas til etterretning, men kan ikke tillegges avgjørende vekt i denne sammenheng.

I Prop. 84 L (2014-2015) fremheves det at det er en risiko for at intensjonen bak godkjenningsgrunnlaget ikke nås dersom det opprettes for mange toppidrettsgymnas. Bakgrunnen for dette er at elevgrunnlaget i liten grad vil bestå av elever som faktisk er på toppidrettsnivå eller satser på idrett med dette som siktemål. Utdanningsdirektoratet vurderer situasjonen dithen at å opprette flere toppidrettsskoler som tilbyr stort sett de samme idrettene på i Bergensregieonen, kan medføre en risiko for at begrepet «toppidrettsgymnas» uthules. Friskoleloven § 2-1 andre ledd bokstav d skal være for skoler som retter seg mot en mindre krets av idrettsutøvere som satser på en idrett med sikte på å bli *toppidrettsutøvere*. Direktoratet finner på denne bakgrunn at det ikke er behov for Norges Toppidrettsgymnas Bergen AS.

## Konklusjon

På bakgrunn av det ovenstående finner Utdanningsdirektoratet ikke å kunne imøtekomme søknaden om godkjenning av ny videregående skole etter friskoleloven § 2-1 andre ledd d. Det påpekes at søknaden i all hovedsak tilfredsstiller lovens minstekrav for godkjenning; avslaget er grunnlagt i en skjønnsmessig vurdering som konkluderer med at det ikke er behov for skolen og at godkjenning vil ha negative konsekvenser for den offentlige skolestrukturen.

## Klagemulighet

Utdanningsdirektoratets vedtak kan klages inn for Kunnskapsdepartementet. Etter forvaltningsloven § 29 er fristen for å klage tre uker fra det tidspunkt underretning om vedtaket er kommet frem. Etter forvaltningsloven § 32 er det nærmere regler om klagens adressat, form og innhold. Det understrekes at klagen skal sendes det forvaltningsorgan som har truffet vedtaket. Etter forvaltningsloven §§ 18 og 19 har parten rett til å se sakens dokumenter.

Vennlig hilsen

Einar Simonsen Plahter
avdelingsdirektør

Magne Hopland Engebretsen
seniorrådgiver

Kopi:
Kunnskapsdepartementet
Vestland fylkeskommune
Fylkesmannen i Vestland
Lånekassen

**Postadresse:**
Postboks 9359 Grønland,
0135 OSLO

**Telefon**
+47 23 30 12 00
**Org.nr.:**
NO 970 018 131

**E-post:**
post@udir.no
**Internett:**
www.udir.no

Vestland fylkeskommune

**Opplæring og kompetanse**
Notat

| | |
|---|---|
| **Saknr:** | 2020/40842-1 |
| **Saksbehandlar** | Berit Nyland |
| **Dato:** | 18.02.2020 |

| | |
|---|---|
| **Til:** | Hovudutval for opplæring og kompetanse<br>Fylkesutvalet<br>Fylkestinget |
| **Frå:** | Fylkesrådmannen |

# Felles retningslinjer for besøk av ungdomsorganisasjonar til vidaregåande skular

Denne meldinga er ei oppfølging av verbalpunkt 20 i budsjettsaka PS 14/2019.

«Skulen skal vere ein stad kor elevane får lære om demokrati og medråderett. Difor bør ungdomsorganisasjonar som politiske ungdomsparti, politiske interesseorganisasjonar, eller andre organisasjonar som utgangspunkt ha rett til å stå på stands og liknande på dei vidaregåande skulane i Vestland. Fylkestinget ber fylkesdirektøren utarbeide felles retningsliner for dei vidaregåande skulane knytt til ungdomsorganisasjonar som ynskjer å besøke skulane».

Skuleeigar er positiv til at politiske ungdomsorganisasjonar og andre organisasjonar er aktive og engasjerer seg i politisk verksemd på skulane. Skulane har eit sjølvstendig ansvar for å gje opplæring som fremjar samfunnsansvar og personleg engasjement, jamfør opplæringslova § 1-1.Det er opp til den einskilde skule å fritt kunne invitere organisasjonar og enkeltpersonar til faglege opplegg i eigen regi eller i samarbeid med andre skular.

Politisk skuleval er eit godt utgangspunkt for å lære om demokrati og politisk meiningsbryting. Ved politiske skuleval tek skuleeigar, på vegner av Utdanningsdirektoratet(Udir), ei aktiv rolle i å koordinere kontakt mellom skulane og ungdomspartia. Udir utarbeidar felles retningsliner for skuledebatt og valtorg slik at partia møter ei lik tilrettelegging for politisk verksemd på skulane.

Utanom valår, ser vi at skulane i varierande grad har invitert og lagt til rette for at politiske parti får høve til å markere seg politisk på skulen sitt område innafor skuletida. I Vestland er det no utarbeidd ein rutine som gjer greie for nokre felles prinsipp.

Rutinen gjev retningsliner for korleis dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune skal møte førespurnadar frå politiske parti eller organisasjonar om å kunne vere til stades på skulane, markere politiske standpunkt og kome i kontakt med elevane. Det er eit mål i seg sjølv at politiske organisasjonar skal møte ei felles haldning til slike førespurnadar slik at det ikkje er naudsynt å undersøkje kva reglar som vert praktisert på den einskilde skule.

Vedlegg
1 Rutine - politisk verksemd ved skulane i Vestland fylkeskommune

Vestland fylkeskommune

# Rutine – Politisk verksemd ved skulane i Vestland fylkeskommune

Inspirasjon og interesse for å ta samfunnsansvar kan oppstå i møte med politiske organisasjonar som på sjølvstendig grunnlag ønskjer å kome i dialog med ungdom utanom den ordinære opplæringa. Vi ser at skulane i varierande grad har opna for at organisasjonar har fått høve til å markere seg politisk på skulen sitt område innanfor skuletida. Sjølv om skulane har ulike føresetnadar for å leggje til rette for politiske markeringar (rom, uteområde), prøver denne rutinen å gjere greie for nokre felles prinsipp.

## Føremål

Rutinen gjev retningsliner for korleis dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune møter førespurnader frå politiske parti eller organisasjonar om å kunne vere til stades på skulane, markere politiske standpunkt og kome i kontakt med elevane. Det er eit mål i seg sjølv at politiske organisasjonar skal møte ei felles haldning til slike førespurnadar, slik at det ikkje er naudsynt å undersøkje kva reglar som vert praktisert på den einskilde skule.

## Omfang

Rutinen omfattar alle dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune. Dei åra det er skuleval, vil det bli sendt ut eigne orienteringar som gjeld praktiske rammer og koordinering av skuleval og skulevalkamp.

## Gjennomføring

1. Politiske parti eller andre interesseorganisasjonar bør ta kontakt med den aktuelle skulen i god tid innan eit arrangement eller ei markering er tenkt gjennomført, og seinast 14 dagar på førehand.

2. Det er skulen ved rektor som avgjer om tidspunktet passar i høve til planar for skulens eiga verksemd.

3.Korleis ta kontakt med skulen før eit besøk eller planlagt arrangement:

- Søknad til skulen ved rektor i god tid på førehand, brev eller e-post
- Tilstrekkeleg informasjon om praktiske rammer
- Ønskje om tidspunkt og omfang
- Tydeleg avsendar, med namn, e-post og telefonnummer for organisasjon og kontaktperson

4. Ansvar og mynde til å avgjere dei praktiske rammene (tid, stad, omfang)

- Det er rektor som har det samla ansvaret for drifta av skulen, og ho/han kan etter eiga vurdering fastsetje kva praktiske rammer som gjeld for det einskilde besøk eller arrangement.
- Rektor, eller den som er i rektors stad, sender svar til aktuell organisasjon

5. Allmenne reglar:

- For elevar som besøkjer eller deltek på politiske markeringar, gjeld ordens- og åtferdsreglementet, medrekna plikt til å møte opp til fastsett undervisning mm.
- Representantar for organisasjonar har plikt til å rette seg etter det rektor har bestemt, oppføre seg sømeleg og rydde etter seg.

Vestland fylkeskommune

**Opplæring og kompetanse**
Notat

| | |
|---|---|
| **Saknr:** | 2020/35830-2 |
| **Saksbehandlar** | Berit Roksvåg |
| **Dato:** | 18.02.2020 |

| | |
|---|---|
| **Til:** | Hovudutval for opplæring og kompetanse |
| **Frå:** | Fylkesdirektør opplæring og kompetanse |

## Rutinar og prosedyre for oppfølging av opplæringslova kap 9A

Prosedyre i Vestland fylkeskommune for oppfølging av opplæringslova kap. 9a tek utgangspunkt i gjeldande lovverk om elevane sitt psykososiale miljø.

Opplæringslova kapittel 9 A har som mål å sikre at alle elevar har eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring. Skulen skal ha nulltoleranse mot krenkingar som mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Skulen har ei tydeleg aktivitetsplikt. Aktivitetsplikta inneber at skulen skal følgje med, gripe inn, varsle, undersøke og setje inn tiltak. Denne plikta ligg hos alle som arbeider i skulen.

Prosedyren er delt opp i to kapittel. Eitt som omhandlar førebygging og eitt som omhandlar dei fem delpliktene og aktivitetsplikta. Alle som arbeider i skulen må kjenne innhaldet i prosedyren, og alle må kjenne sitt ansvar i skulemiljøarbeidet.

Prosedyren er vedlagt.

Vedlegg
1 Prosedyre for oppfølging av opplæringslova kapittel 9 A

Vestland fylkeskommune

**Opplæring og kompetanse**
Prosedyre

| | |
|---|---|
| **Saknr:** | 2020/35830-1 |
| **Saksbehandlar** | Kristine Angelsen |
| **Dato:** | 23.01.2020 |


Prosedyre for oppfølging av opplæringslova kapittel 9 A - 2 -
1. Førebygging - 2 -
1.1 Innleiing - 2 -
Føremål - 2 -
Målgruppe - 2 -
1.2 Informasjons- og involveringsplikta - 2 -
1.3 Systematisk arbeid - 3 -
2. Aktivitetsplikta og dei fem delpliktene etter §§ 9 A-4 og 9 A-5 - 4 -
2.1 Innleiing - 4 -
Føremål - 4 -
Målgruppe og omfang - 4 -
Skjerpa aktivitetsplikt - 4 -
Dokumentasjonsplikt - 4 -
Omsynet til barnet sitt beste - 5 -
2.2 Dei fem delpliktene - 5 -
Følgje med - 5 -
Gripe inn - 5 -
Varsle - 5 -
Undersøke - 6 -
Sette inn tiltak - 6 -
2.3 Gjennomføring av aktivitetsplikta - 7 -
3 Rapportering, tilsyn og ressursar - 9 -
Rapportering - 9 -
Tilsyn - 9 -
Ressursar - 9 -

# Prosedyre for oppfølging av opplæringslova kapittel 9 A

Denne prosedyren tek utgangspunkt i gjeldande lovverk om elevane sitt psykososiale miljø. Opplæringslova kapittel 9 A har som mål å sikre at alle elevar har eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring. Skulen skal ha nulltoleranse mot krenkingar som mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Skulen har ei tydeleg aktivitetsplikt. Aktivitetsplikta inneber at skulen skal følgje med, gripe inn, varsle, undersøke og setje inn tiltak. Denne plikta ligg hos alle som arbeider i skulen.

Prosedyren er delt opp i to kapittel. Eitt som omhandlar førebygging og eitt som omhandlar dei fem delpliktene og aktivitetsplikta. Alle som arbeider i skulen må kjenne innhaldet i prosedyren, og alle må kjenne sitt ansvar i skulemiljøarbeidet.

## 1. Førebygging

### 1.1 Innleiing

**Føremål**
Føremålet med denne delen av prosedyren er å sikre at informasjons- og involveringsplikta etter §§ 9 A-8 og 9 A-9 vert overheldt. Vidare skal ein sikre at skulane arbeider aktivt og systematisk med tiltak som fremjar eit godt skulemiljø og som verkar førebyggjande mot krenking, jf. § 9 A-3.

**Målgruppe**
Skuleeigar, skuleleiing og alle som arbeider i skulen.

### 1.2 Informasjons- og involveringsplikta

| Steg | Utføring |
|---|---|
| Informasjons- og involveringsplikta, jf. §§ 9 A-8 og 9 A-9 | Del 1: Generell informasjon:<br>- Rektor har ansvar for å informere elevane og føresette om rettane i kapittel 9 A.<br>- Rektor har òg ansvar for å informere om aktivitetsplikta etter §§ 9 A-4 og 9 A-5 og om høvet til å melde saka til Fylkesmannen etter § 9 A-6.<br>- Rektor har ansvar for tenlege informasjonsrutinar til alle elevar og føresette.<br>- Informasjonen skal vere tilgjengeleg for alle mottakarane.<br>- Informasjonen skal vere forståeleg, og det kan vere naudsynt med tolk. Det er ikkje nok å la t.d. elevane vidareformidle informasjonen til føresette.<br>- Døme på informasjonskanalar:<br>  o Foreldremøte<br>  o I klassen<br>  o På skulen si nettside<br>  o Gjennom gjeldande læringsplattform og/eller på e-post<br><br>Rektor skal sjå til at<br>- Tilsette vert informert om rutinar, prosedyrar og retningslinjer rundt skulens oppfølging av opplæringslova kapittel 9 A.<br>  o Alle tilsette vert informert om dette ved starten av kvart skuleår<br>  o Nytilsette vert informert om dette ved tiltreding i stilling.<br>- Informasjonsrutinane er dokumenterte og innarbeidde i internkontrollsystemet ved skulen |
| | Del 2: Informasjon i spesielle høve:<br>- Rektor vurderer tilhøva knytt til det fysiske og psykososiale skulemiljøet og informerer om tilhøve og/eller hendingar som kan ha negativ verknad for elevane si helse.<br>- Skulen må vurdere kva saker som kan skade helsa til elevane, både fysisk og psykososialt. |

| | |
|---|---|
| | - Det er same krav til at informasjonen skal vere tilgjengeleg og forståeleg som i del 1.<br>- Skulen må sikre at informasjonen vert gjeve på ein måte som varetek personvernet til eventuelle involverte elevar. |
| | Del 3: Involveringsplikta:<br><br>Rektor skal sjå til at<br>- saker som er viktige for skulemiljøet vert handsama på møte i råd og utval gjennom skuleåret.<br>- sakspapir for saker som er viktig for skulemiljøet vert sende til råd og utval i god tid før møte slik at råd og utval får moglegheit til å uttale seg.<br>- elevane og elevrådet får ta del i planlegging og gjennomføring av tiltak for eit trygt og godt skulemiljø.<br>- skulemiljøutvalet tek del i arbeidet med mål og planar for skulemiljøet, evaluering og oppfølging av arbeidet. |

## 1.3 Systematisk arbeid

| Steg | Utføring |
|---|---|
| Systematisk arbeid, jf. § 9 A-3 | Skuleeigar skal<br>- utarbeide ei overordna, felles prosedyre, rutinar og retningslinjer for oppfølging av opplæringslova kapittel 9 A, og som gjeld for alle dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune<br>- sjå til at skulane etterlever den overordna prosedyren, mellom anna ved at skulane rapporterer og gjennomfører eigenevaluering.<br>- sjå til at skulane har system for internkontroll<br>- systematisk innhente informasjon om korleis skulane oppfyller dei ulike delpliktene.<br>- bistå skulane og gi råd<br>- gjennomføre tilsyn – risikobaserte tilsyn på bakgrunn av eigenevaluering<br>- leggje til rette for at skulane får tilbod om kurs og/eller kompetanseheving innanfor skulemiljøsaker (til dømes fellesskolering)<br>    ○ Kompetansehevinga må vere knytt til korleis følgje med, gripe inn, varsle, undersøke og sette inn tiltak.<br>- evaluere / lære av enkeltsaker / det systemretta arbeidet – korrigere prosedyrar og rutinar ved behov. |

| | |
|---|---|
| | Rektor skal<br>- sjå til at regelverket vert følgt, jf. opplæringslova kap. 9 A, og at arbeidet vert gjennomført aktivt og systematisk for å nå mål og førebyggje problem.<br>- vurdere om det er naudsynt med gjennomgang av aktivitetsplikta og oppfølging av den i etterkant av konkrete sakar.<br>- sjå til at skulen gjennomfører kartleggingar av utfordringar og risikoar ved skulemiljøet<br>- sjå til at skulen har konkrete mål for skulemiljøet og skulemiljøarbeidet. Mål, tiltak og rutinar skal evaluerast årleg.<br>- sjå til at alle på skulen er informert om og følgjer prosedyrar, rutinar og retningslinjer for å følgje med på skulemiljøet og den enkelte eleven si oppleving av det, medrekna rutinar for å avdekke, handtere og følgje opp brott på kap. 9A.<br>- sjå til at skulen har skriftleg dokumentasjon på system for internkontroll og kontrollerer at rutinar vert etterlevd.<br>- leggje til rette for at elevar kan melde frå om ein 9 A-sak på ein trygg måte. |
| | Alle tilsette skal<br>- kjenne til kapittel 9 A og ha særleg god kunnskap om aktivitetsplikta etter §§ 9 A-4 og 9 A-5. Alle tilsette skal vite korleis dei skal etterleve desse pliktene i praksis, dette betyr at tilsette jamleg må øve på pliktene.<br>- oppmode elevar om å seie frå når ein ser at det er elevar som ikkje har det trygt og godt på skulen, og leggje til rette for at elevar kan melde frå om dette på ein trygg måte. Det same gjeld når elevar vert merksame på tilhøve som kan verke negativt inn på skulemiljøet. |

## 2. Aktivitetsplikta og dei fem delpliktene etter §§ 9 A-4 og 9 A-5

### 2.1 Innleiing

**Føremål**

Føremålet med denne delen av prosedyren er å sikre rutinar for etterleving av aktivitetsplikta etter opplæringslova §§ 9 A-4 og 9 A-5.

**Målgruppe og omfang**

Aktivitetsplikta gjeld alle som arbeider ved skulen; leiinga, pedagogisk personale og andre som m.a. assistentar, kontorpersonale, miljøarbeidarar, reinhaldarar og vaktmeister.

Kapittel 9 A gjeld på skulen, i friminutta, på skulevegen og all aktivitet i skulen sin regi. I utgangspunktet gjeld ikkje kapittel 9 A på fritida, men om elevane opplever noko på fritida som gjer at dei ikkje har det trygt og godt på skulen, må skulen likevel handle i tråd med aktivitetsplikta. Det inneber at i slike tilfelle har skulen ansvar for å undersøkje saka og sette inn tiltak innanfor ramma av skulen sitt mynde. Dette er særleg aktuelt i forbindelse med digitale krenkingar.

**Skjerpa aktivitetsplikt**

Ved mistanke eller kjennskap til at ein tilsett krenker ein elev har skulen ein skjerpa aktivitetsplikt, jf. § 9 A-5. Rektor skal varsle skuleeigar og undersøkingar og tiltak skal setjast i verk straks. Den tilsette som varselet gjeld skal straks informerast og få høve til å uttale seg i saka. Eleven skal høyrast og føresette til elev under 18 år skal verte kontakta. Sjå elles eiga prosedyre for handtering av personalsaker.

**Dokumentasjonsplikt**

Skulen har eit todelt dokumentasjonskrav i saker om skulemiljøet. Det vert både stilt krav om at skulen lagar ein skriftleg plan som viser kva tiltak skulen har satt inn, og at skulen dokumenterer meir overordna kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta i den konkrete saka. Den meir

overordna dokumentasjonen går særleg på korleis skulen har følgt opp dei andre delpliktene i § 9 A-4 og kan til dømes dokumenterast gjennom ein logg. Det er viktig at all dokumentasjon vert lagra i ePhorte i tråd med gjennomføringsdelen i denne rutinen.

#### Omsynet til barnet sitt beste

Barnekonvensjonen artikkel 3 fastslår at barnets beste skal vere eit grunnleggjande omsyn i alle handlingar som gjeld barn. Skulen si plikt til å ta vare på barnets beste i arbeidet med skulemiljøet er også regulert i opplæringslova §§ 9 A-4 og 9 A-5. Sidan opplæringslova ikkje er avgrensa til å berre gjelde barn har også elevar over 18 år rett til å bli høyrt og omsynet til eleven sitt beste skal vurderast etter opplæringslova for desse også.

For å ta vare på prinsippet om eleven sitt beste må skulen for det første vurdere kva som er eleven sitt beste. Moment i denne vurderinga er mellom anna eigne meiningar til eleven, identiteten til eleven, om eleven er i ein sårbar situasjon, helsesituasjonen til eleven, retten til beskyttelse, omsorg og tryggleik og retten til utdanning.

Vidare må skulen vise korleis dei har tatt vare på omsynet til eleven sitt beste. Det betyr at skulen må forklare i grunngjevinga for val av tiltak i aktivitetsplanen kva dei meiner er elevens beste, og kva kriterium dette er basert på. Dersom andre omsyn er gått føre eleven si interesse må det komme fram ein tydeleg grunngjeving for dette.

### 2.2 Dei fem delpliktene

Aktivitetsplikta består av fem delplikter. Skulen må ha eit system for korleis dei fem delpliktene vert følgt opp på skulen, både overordna og i konkrete saker. Skuleeigar må ha oversikt over korleis skulen følger opp dei fem delpliktene.

#### Følgje med

Alle som arbeider ved skulen har plikt til å følgje med om elevar på skulen har det trygt og godt. Denne plikta er kontinuerleg og nødvendig for å lettare fange opp mistanke om og få kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Skulen må ha rutinar for gjennomgang av felles retningslinjer for korleis dei tilsette skal og kan følgje med.

Elevane sin alder, samansetninga av elevgruppa og forhold ved skuleanlegget har tyding for korleis skulen pliktar å følge med.

Elevar som er særskilt sårbare krev ekstra aktsemd. Forhold som kan gjere ein elev særskilt sårbar kan vere knytt til eleven sin religion, seksuell orientering, kjønnsuttrykk, funksjonsevne, at eleven har åtferdsvanskar eller forhold ved eleven sin familie- og heimesituasjon. At ein elev tidlegare har vore utsett for krenkingar kan også gjere ein elev særskilt sårbar. Skuleeigar må sikre at skulen har kompetanse i å kjenne til forhold som kan gjere ein elev særskilt sårbar.

#### Gripe inn

Alle som arbeider ved skulen har plikt til å gripe inn dersom dei ser krenkingar som mobbing, vald, diskriminering og trakassering.

Plikta til å gripe inn må avgrensast til lovlege inngrep. Det er til dømes ikkje heimel i opplæringslova til bruk av fysisk makt og tvang. Reglane om nødrett og nødverje kan likevel gi grunnlag for å gripe inn fysisk, sjå her særleg rutine for nødrett/nødverje. Det er viktig at alle som arbeider ved skulen er kjende med når og korleis ein kan gripe inn, og skulen må ha rutinar for gjennomgang av dei felles retningslinjene for dette. Skuleeigar må sikre at skulen har kompetanse i korleis ein kan gripe inn.

#### Varsle

Alle som arbeider ved skulen skal varsle rektor dersom dei ser eller mistenker at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Det skal vere låg terskel for å varsle og plikta til å varsle rektor gjeld for all mistanke. Skulen må ha rutinar for gjennomgang av felles retningslinjer for kva saker tilsette skal varsle om straks, kor raskt dei skal varsle om andre saker og kven på skulen det skal varslast til.

Kor raskt ein sak skal varslast til rektor, må vurderast frå sak til sak. Alvorlege saker skal varslast straks. Andre saker kan det vere rimeleg å vente litt lenger med, til dømes til slutten av skuledagen eller til vekeoppsummeringar.

Ved mistanke eller kjennskap til at ein tilsett krenker ein elev skal den tilsette straks varsle rektor som igjen skal varsle skuleeigar. Ved mistanke eller kjennskap til at ein i skuleleiinga krenker elevar, skal den tilsette varsle skuleeigar direkte.

Rektor kan delegere oppgåva om å ta imot varslar til ein annan person på skulen, men rektor kan ikkje delegere ansvaret.

Rektor skal varsle skuleeigar i alvorlege tilfelle og ved gjentakande mobbing. Rektor skal òg varsle skuleeigar i alle tilfelle der elevar og/eller føresette klagar til Fylkesmannen. Alvorlege tilfelle er mellom anna særlege valdelege krenkingar eller integritetskrenkande hendingar, om fleire elevar har alvorleg krenka ein enkeltelev, digital mobbing på tvers av skular eller grove truslar gjennom t.d. sosiale media.

Helsesjukepleiar og anna helsepersonell har teieplikt om det dei får kjennskap til i eigenskap av å vere helsepersonell. Det inneber at dei kan berre varsle rektor ved samtykke frå elev og/eller føresette. Helsepersonell som får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen kan i utgangspunktet likevel ha plikt til å varsle etter opplæringslova kap. 9 A dersom informasjonen ikkje kan verte knytt til ein behandlingsrelasjon med dei involverte elevane, jf. vurdering frå Helsedirektoratet frå 11.12.2018. Det må vurderast konkret kva helsepersonell kan formidle av informasjon vidare til rektor som ein del av varslingsplikta i slike situasjonar.

### Undersøke

Dersom nokon som arbeider ved skulen ser eller mistenker at ein elev ikkje har det trygt og godt, skal skulen undersøke saka med ein gong. Plikta til å undersøke har like låg terskel som plikta til å varsle.

Når det gjeld plikta til å undersøke vert det kravd meir av personar som har ein omsorgsrolle overfor elevane som t.d. lærarar, miljøarbeidarar, rektor, enn av personar med andre arbeidsoppgåver som t.d. vaktmeister eller reinhaldarar.

Plikta til å undersøke betyr at skulen skal undersøke elevens oppleving av skulemiljøet. Skulen skal ikkje skaffe og vurdere bevis for eller mot at eleven opplever eit utrygt skulemiljø eller vert mobba.

Kor grundige undersøkingane skal vere er avhengig av skjønn, føremålet med undersøkingane og kva situasjon ein står ovanfor i kvart enkelt tilfelle. Undersøkingane må ha som føremål å få fram fakta om situasjonen og kva som påverkar korleis eleven opplever skulemiljøet. Undersøkingane skal vere grunnlaget for kva tiltak som er eigna til å sørge for at eleven får eit trygt og godt skulemiljø.

### Sette inn tiltak

Skulen har plikt til å sette inn eigna og lovlege tiltak for alle elevar som opplever at skulemiljøet ikkje er trygt og godt, uansett årsak. Tiltaka må vere tilpassa den konkrete saken, og ofte vil det vere behov for fleire tiltak samtidig. Tiltaka kan rettast mot eleven som opplever eit utrygt skulemiljø, den eller dei elevane som krenkjer, gruppe- eller klassemiljøet og/eller heile skulemiljøet.

Val av tiltak skal vere basert på faglege vurderingar og føreset at dei tilsette har oppdatert og tilstrekkeleg kompetanse om regelverket, skulemiljø og arbeidet mot mobbing og andre krenkingar. Skuleeigar må sikre at skulen har denne kompetansen.

Ved tilfelle der eleven er motvillig til at det vert sett inn tiltak er skulen uansett forplikta til å vurdere eleven sitt beste, og i nokre tilfelle kan det bety at det vil vere eleven sitt beste å sette inn tiltak sjølv om eleven ikkje ønsker dette sjølv.

## 2.3 Gjennomføring av aktivitetsplikta

Nedanfor er prosedyre for gjennomføring av aktivitetsplikta når sak vert meldt.

| Steg | Utføring |
|---|---|
| **Sak vert meldt**<br>Elektronisk varsel, varselskjema eller liknande. | - Rektor skal varsle skuleeigar i alvorlege tilfelle. Slik melding sendast per e-post i anonymisert form. |

| | |
|---|---|
| Elevar kan melde om tilhøve ved sitt psykososiale skulemiljø både munnleg og skriftleg, utan krav om at noko spesielt skjema skal nyttast. Det er viktig å ikkje stille strenge krav til kva det inneber å seie frå, eller til at eleven skal bruke dei rette omgrepa.<br><br>Hugs at det er elevens eigen oppleving av at han eller ho ikkje har eit trygt og godt skulemiljø som utløyser aktivitetsplikten. Skulen skal ikkje bagatellisere eleven sine opplevingar av sitt eige skulemiljø. | - Om sak er meldt av ein annan enn elev som opplever krenking:<br>    o Samtale med meldar.<br>- Opprett sak/journalpost i gjeldande sak- og arkivsystem<br>    o All arkivverdig dokumentasjon som gjeld einskildeleven skal lagrast i deira elevmappe. Skuleeigar skal leggast som kopimottakar. |
| **Undersøk saka** | - Undersøke fakta<br>    o Undersøkinga vert utført av rektor eller den rektor delegerer oppgåva til.<br>- Samtale med eleven som opplever utrygt skulemiljø<br>    o Eleven som opplever eit utrygt skulemiljø skal vite at leiinga ved skulen tek ansvar.<br>    o Skulen må sørgje for at eleven som opplever utrygt skulemiljø får medverke når saka vert undersøkt.<br>    o Skulen må informere om at føresette vil bli kontakta om eleven er under 18 år.<br>- Skulen må vurdere om/kva strakstiltak skulen bør setje inn medan eventuelle lengre undersøkingar er i gang.<br>- Samtale med direkte involverte elevar<br>    o Skulen bør avklare og avtale med eleven som opplever utrygt skulemiljø før ein samtalar med direkte involverte elevar.<br>    o Målsettinga er å få elev/elevar til å forklare seg om situasjonen. Skulen må informere om at føresette vil bli kontakta om eleven er under 18 år.<br>- Det er viktig å hugse på at ein ofte må nytte fleire verktøy for å undersøkje. Det er ikkje alltid at samtale åleine er nok for å få fram fakta om situasjonen. Døme på andre verktøy kan vere observasjonar, opplysingar frå Elevundersøkinga eller verktøy for kartlegging av klassemiljø og relasjonar mellom elevar. |
| **Utarbeid ein aktivitetsplan**<br><br>Tiltak i ein aktivitetsplan kan rette seg mot fleire elevar eller knytte seg til situasjonar som omfattar fleire elevar. Det kan difor i mange tilfelle vere nødvendig å lage fleire aktivitetsplanar i ein og same sak. Ofte vil ein elev som utsett andre for krenkingar sjølv trenge ein aktivitetsplan. | - Aktivitetsplanen skal innehalde<br>a) Kva problem tiltaka skal løyse<br>b) Kva tiltak skulen har planlagt<br>c) Når tiltaka skal gjennomførast<br>d) Kven som har ansvar for gjennomføring av tiltaka<br>e) Når og korleis tiltaka skal evaluerast.<br><br>- Det er eigen mal som skal nyttast når det skal skrivast aktivitetsplan.<br><br>- Elev og føresette om eleven er under 18 år skal medverke i utforminga av tiltaka i aktivitetsplanen. |

| | |
|---|---|
| Det kan også i nokre tilfelle vere nødvendig å lage aktivitetsplan på gruppenivå. | |
| **Sett i verk tiltak** | - Tiltaka i aktivitetsplanen skal setjast i verk i tråd med aktivitetsplanen. |
| **Vurder behov for sanksjonar/reaksjonar** | - Sett inn sanksjonar for elev/elevar i dei tilfella det er brot på ordensreglementet. Sanksjonane skal dokumenterast, jf. ordensreglementet som viser tillatne sanksjonar. |
| **Vurder behov for personalmessige tiltak ved 9 A-5 sak** | - Undersøke fakta<br>   o Undersøkinga vert utført av rektor eller den rektor delegerer oppgåva til.<br>- Rektor skal varsle skuleeigar og undersøkingar og tiltak skal setjast i verk straks.<br>- Samtale med den tilsette som varselet gjeld<br>   o Den tilsette som varselet gjeld skal straks informerast og få høve til å uttale seg i saka.<br>- Samtale med elev<br>   o Eleven skal høyrast og føresette til elev under 18 år skal kontaktast.<br>- Vurdere om prosedyre for personalsak skal nyttast |
| **Evaluer**<br><br>Skulen skal følgje opp saka og evaluere om tiltaka som er sett inn har ført til at eleven har fått det betre på skulen. | - Evaluer tiltaka i samsvar med aktivitetsplanen.<br>- Involver eleven og eventuelt føresette i evalueringa av tiltaka. |
| **Vurdere behov for vidareføring av tiltak eller nye tiltak**<br><br>Tiltaksplikten gjeld så lenge ein elev opplever at skulemiljøet ikkje er trygt og godt, og det finst eigna tiltak som kan settast inn. | - Eventuelt forleng tiltaksperioden.<br>- Eventuelt sett inn fleire eller andre tiltak |

## 3 Rapportering, tilsyn og ressursar

### Rapportering

Skuleeigar skal vere kopimottakar på alle saker om 9A på skulane slik at skuleeigar fortlaupande og systematisk får informasjon frå skulane.

Skulane skal ein gong pr. skuleår fylle ut eit eigenevalueringsskjema med spørsmål knytt til opplæringslova kapittel 9 A.

### Tilsyn

Skuleeigar gjennomfører risikobaserte tilsyn basert på rapportering frå skulane. Sjå eiga rutine på dette.

### Ressursar

Utdanningsdirektoratet har utarbeidd mange nyttige artiklar på sine nettsider:

- Side med døme på eigna tiltak for å førebygge, avdekke og handtere mobbing og andre skulemiljøsaker: https://www.udir.no/laring-og-trivsel/skolemiljo/tiltak-skolemiljo/
- Rettleiing for korleis ein kan ta vare på barnekonvensjonen i saksbehandlinga: https://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/skole-og-opplaring/Slik-ivaretar-du-barnekonvensjonen-i-saksbehandlingen/
- Vurdere det beste for eleven: https://www.udir.no/laring-og-trivsel/skolemiljo/tiltak-skolemiljo/skolemiljotiltak-vurdering-av-elevens-beste/

FNs barnekomité gir ut generelle kommentarar om tolking av enkelte artiklar i barnekonvensjonen eller særlege viktige spørsmål. Særleg aktuelt for denne prosedyren er generell kommentar nr. 12 om barnets rett til å bli høyrd, og nr. 14 om barnets beste. På regjeringa sine nettsider ligg ei oversikt over alle utgitte kommentarar: https://www.regjeringen.no/no/tema/familie-og-barn/innsiktsartikler/fns-barnekonvensjon/generelle-kommentarer-fra-fns-barnekomit/id573909/

Skulane kan også nytte interne ressursar ved både førebygging og gjennomføring av tiltak i skulemiljøsaker, til dømes PPT, helsesjukepleiar, elevtenesta og avdeling opplæring og kompetanse. I nokre tilfelle kan skulen også knytte til seg eksterne kompetansemiljø.

Vestland fylkeskommune

**Opplæring og kompetanse**
Notat

| | |
|---|---|
| **Saknr:** | 2020/41557-1 |
| **Saksbehandlar** | Berit Roksvåg |
| **Dato:** | 21.02.2020 |

Ikkje offentleg: jf. offl. § 13, jf. fvl. § 13 1. ledd nr. 1 om personlege forhold

# Brev til Hovudutval for opplæring og kompetanse

Brev til hovudutval for opplæring og kompetanse frå borgar i Vestland av 10. februar 2020 er vedlagt.

Vedlegg
1 Brev av 10.02.20

10.02.2020

Til Hovudutvalet for opplæring og kompetanse ved Vestland.

Det fantastiske Vestland.

Vi har høyrt at «Alt skal bli så mykje betre berre vi vert større»

Men no er realitetane begynt å syne seg, alt som har stoppa opp og ikkje verkar lenger, kjem fram.

Vigo, søkebasen for vidaregåande opplæring, fungerer ikkje på same måte lenger og kan ikkje bli som før heller, får vi opplyst.

I Sogn og Fjordane kunne ein tidlegare endre kva skule/linje ein sette øvst når ein søkte om læreplass. Ein kunne gå frå allmennfag eller andre fag som ikkje er typiske lærlingfag og søke om læreplass.

Dette går ikkje an i Vestland, og det går heller ikkje an å gjere noko med får vi opplyst. For å ikkje misse retten til opplæring neste år, må ein søke på ein skuleplass ein veit ein ikkje vil gå på, elles dett ein ut av opplæringssystemet.

På Leikanger seier dei dette aldri har vore eit problem tidlegare. Men den som hadde tilgang til å rette datatekniske problem/utfordringar i Sogn og Fj. tidlegare, har ikkje slik tilgang lenger. Kven som skal fikse slikt veit dei ikkje i Sogn. Vi blir fortalt at det er få som tar eller har fått tildelt ansvar i dagens etat. Dette er sterkt bekymringsverdig.

Eg er ikkje bekymra for min son. Vi skal skaffe han læreplass slik at han kjem vidare i livet sitt.

Men kva med dei som no ikkje kjem vidare på rett plass?

Blir dei skuletaparar eller Nav'arar?

Kva med dei som oppdagar dei har valgt feil linje, og vil gjere omval etter 2 års skulegang. Går det an, eller er dette vorte umogleg også?

Eg er vel eigentleg ikkje sjokkert, ein ser alle plassar i samfunnet at dess større einingane blir, dess fleire personar blir ein kasteball mellom utan å få den nødvendige hjelpa ein treng. Men eg var i utgangspunktet optimistisk til at Vestland ikkje skulle verte så stort.

Dei tilsette på opplæringskontora er rimeleg oppgitt og fortvila, seier dei. Det har ikkje vore mogleg å få sende inn nye papir til fylket frå midten av november og til dags dato. Og når søknadane om lærekontrakt kan bli godkjent er det ingen som kan svare på.

Min andre son, som skulle signere ei lærekontrakt i november, har fortsatt ikkje blitt godkjent som lærling. Og bedrifta som han jobbar i har fått varsel frå arbeidstilsynet om bedriftskontroll, og må difor lage ei midlertidig arbeidskontrakt på han slik at dei slepp pålegg. Som lærling skal han føre opplæringslogg via ein App. Dette får ein ikkje tilgang til før ein har ein godkjend avtale. Det er ein rimeleg oppgitt 16åring som i dag må skrive alt på papir, for så og føre alt inn i Appen den dagen han blir godkjent og får tilgang.

Faktura for kost og losji på internatet på Mo og Øyrane kan heller ikkje skrivast ut. Leiinga på skulen seier til elevane at dei miste den tilgangen 15.11.2019. og dette skal no gjerast frå Bergen. Men av kven og når dette blir gjort, kjenner dei ikkje til. Og så seier dei til elevane at dei ikkje må bruke opp stipenda sine, for rekninga kjem ein vakker dag, og då må den betalast.

Dette er elevar frå 16 til 19 år. Eit fåtal av desse klarar å spare pengar. Eg synest det er synd at det som burde vere ansvarlege vaksne, ikkje klarer å få sendt ut faktura til desse elevane. Det er tross alt snakk om 5 400 kr pr månad, så gjelda til desse elevane er i skrivande stund på 10 800 kr til Vestland fylke.

Mo og Øyrane driv også med diverse kurs retta mot bedrifter og privatpersonar.

Min 16åring var sist fredag og laurdag på motorsagkurs på Mo. Kursbevis fekk dei etter endt kurs, og skulen vart av deltakarane oppmoda om å sende ut faktura snarast. Men fekk då til svar: Vi har ikkje hatt tilgang til å fakturere sidan 15.11.19. Dette blir no gjort frå Bergen, og når dei gjer dette veit vi ikkje. Men faktura kjem nok ein dag skal de sjå, og då må den betalast.

Det må begynne å vere snakk om store beløp som Vestland fylke har uteståande rundt omkring. Dette bør bekymre nokon snart!

Kanskje på tide å ta eit lite steg tilbake ? til eit system som fungert godt og ein kunne stole på før 15.11.2019.

Helsing ein sterkt bekymra

Sølve-Andre Lien.

Åfjordvegen 877.

6958 Sørbøvåg.

## Skriftlege spørsmål

## SI 5/20 Spørsmål frå A. F. Andersen - Sp - innføring av nytt skuleadministrasjonsverktøy

**Spørsmål om innføring av nytt skuleadministrasjonsverktøy**

Akershus fylkeskommune har det siste året testa det nye skuleadministrasjonsverktøyet Visma Inschool. Planen er at alle vidaregåande skular i landet skal ta i bruk systemet.

Presseoppslag har vist at det har vore forseinkingar og sikkerheitsproblem med Visma Inschool. Ei gruppe rektorar har varsla at dei vil kunne ha problem med å gi elevane vitnemål i rett tid. 13. februar vart det kjent at fylkesrådet i Viken oppfordrar andre fylkeskommunar om å stoppe innføringa av Visma Inschool på grunn av problema skulane i Akershus har opplevd.

Spørsmåla mine til utvalsleiaren vert difor:

1. Korleis har Vestland fylkeskommune vorte orientert om innføringsproblema ein har hatt i Akershus fylkeskommune (Viken) med det nye systemet?
2. Kva vert gjort for å rydde opp i problema med innføring av Visma Inschool?
3. Vil Vestland fylkeskommune utsetje planlagt innføring av nytt skuleadministrasjonsverktøy?

Bergen 18.02.20

Alexander Fosse Andersen

Vestland Senterparti

**Spørsmål om prosjekt for auka rekruttering til restaurant- og matfag**

Den siste veka har det vore mykje fokus mat og kokkeyrket gjennom tildeling av michelinstjerner og norsk gull og sølv i OL i kokkekunst. Det er eit von at denne positive merksemda vil bidra til at fleire vil utdanne seg innan restaurant- og matfag. I samband med handsaming av opplæringstilbodet for skuleåret 2020/21 vedtok OPPKO samrøystes at «prosjekt i Hordaland for å auke rekruttering til RM vert utvida til å gjelde heile Vestland.»

Spørsmålet mitt til utvalsleiaren vert difor:

Kva er status for prosjektet for å auke rekruttering til restaurant- og matfag?

Bergen 21.02.20

Alexander Fosse Andersen
Vestland Senterparti

**Politiske saker**

**PS 11/20 Høyring - nye læreplanar i valfag på ungdomstrinnet**

Vestland fylkeskommune

**Opplæring og kompetanse**
Saksframlegg

**Saknr:** 2020/40803-1
**Saksbehandlar:** Linda Farestveit

## Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|---|---|---|
| Hovudutval for opplæring og kompetanse | 11/20 | 10.03.2020 |
| Fylkesutvalet | | 26.03.2020 |

# Høyring - nye læreplanar i valfag på ungdomstrinnet

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet støttar forslag om ny struktur og nye læreplanar i valfaga på ungdomskuletrinnet. Utvalet meiner at forslaget er i tråd med overordna intensjonar i fagfornyinga og at det er positivt at det i dei nye læreplanane er lagt vekt på høg grad av relevans og at elevane i størst mogleg grad skal lære gjennom praktisk utprøving i faga.

Samandrag

Fylkesrådmannen viser til høyring om nye læreplanar i valfag på ungdomstrinnet med høyringsfrist 14.04.20. Læreplanane skal fastsetjast av Kunnskapsdepartementet våren 2020 og takast i bruk i skulen frå skolestart i 2020.

Fylkesrådmannen ser positivt på det nye forslaget til fornying av innhald og struktur i valfaga på ungdomstrinnet. Faga er svært relevante både når det gjeld vidare opplæring i skule og ut frå eit generelt samfunns- og arbeidslivsperspektiv. Dei nye læreplanane har ein tydeleg kopling til overordna del av læreplanverket, og legg i stor grad til rette for praktisk utprøving i opplæringa.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bjørn Lyngedal
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Fylkesrådmannen viser til høyring om nye læreplanar i valfag på ungdomstrinnet med høyringsfrist 14.04.20. Læreplanane skal fastsetjast av Kunnskapsdepartementet våren 2020 og takast i bruk i skulen frå skolestart i 2020.

Dagens valfag vart innført i 2012, og skal no fornyast i tråd med ny læreplanstruktur og retningslinjer for læreplanarbeid i fagfornyinga. Det skal framleis leggjast vekt ei praktisk tilnærming i faga som skal bidra til å gjere opplæringa på ungdomstrinnet meir relevant og variert.

Samfunnet endrar seg med ny teknologi, ny kunnskap og nye utfordringar, og dei nye læreplanane skal soleis bidra til at elevane skal lære å reflektere, tenkje kritisk, vere skapande, innovative og utforskande. Som i fagfornyinga elles er det lagt vekt på at læreplanane skal vere framtidsretta. Dei er fornya med tanke på at det elevane skal lære, skal vere relevant for å meistre ege liv og ta aktivt del i dagens og framtidas samfunn og arbeidsliv. Både innhald og samansetting av faga har vore vurdert, i tillegg til at ein har vurdert korleis ein kan få til jamnare kjønnsfordeling i faga. Dei nye faga har fått nye namn:

- Fysisk aktivitet og helse.
- Sal og scene
- Natur, miljø og friluftsliv
- Design og redesign
- Teknologi i praksis
- Produksjon av varer og tjenester
- Trafikk
- Medier og informasjon
- Programmering
- Forskning i praksis
- Internasjonalt samarbeid
- Reiseliv
- Levande kulturarv
- Demokrati i praksis
- Praktisk håndverksfag

For meir informasjon om dei ulike faga, sjå: https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/fagfornyelsen/gi-innspill-pa-nye-lareplaner-i-valgfagene2/

Fylkesrådmannen ser positivt på det nye forslaget til fornying av innhald og struktur i valfaga på ungdomstrinnet. Faga er svært relevante både når det gjeld vidare opplæring i skule og ut frå eit generelt samfunns- og arbeidslivsperspektiv. Dei nye læreplanane har ein tydeleg kopling til overordna del av læreplanverket, og legg i stor grad til rette for praktisk utprøving i opplæringa. Dei nye læreplanane støttar soleis god opp under målsettingane med fagfornyinga generelt og legg godt til rette for eit sterkare fagleg samarbeid mellom kommunen og fylkeskommunen innan dei ulike fagområda.

### Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet, jf. reglement for fylkesutvalet punkt 2.1.7.

**Økonomi:** Ikkje relevant
**Klima:** Relevant – auka medvit gjennom opplæringa
**Folkehelse**: Meir praktisk arbeid kan føre til auka meistring og trivsel for unge elevar.
**Regional planstrategi:** Ikkje relevant

### Konklusjon

Fylkesrådmannen ser positivt på det nye forslaget til fornying av innhald og struktur i valfaga på ungdomstrinnet.

Vestland fylkeskommune

**Opplæring og kompetanse**
Saksframlegg

**Saknr:** 2020/41026-1
**Saksbehandlar:** Linda Farestveit

## Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|---|---|---|
| Yrkesopplæringsnemnda | | 10.03.2020 |
| Hovudutval for opplæring og kompetanse | 12/20 | 10.03.2020 |
| Fylkesutvalet | | 26.03.2020 |

# Fagbrev på jobb

Forslag til innstilling

1. Fylkeskommunen gjennomfører godkjente og signerte lærekontraktar om fagbrev på jobb med ein estimert kostnad i 2020 på kr 10.820.000,-

2. Fylkeskommunen vil inntil vidare ikkje godkjenne nye lærekontraktar om fagbrev på jobb.

3. Fylkesrådmannen kjem attende med ei sak hausten 2020 med tilråding til korleis ordninga eventuelt kan innrettast i samband med handsaming av budsjett for 2021.

Samandrag

Fagbrev på jobb er ei opplæringsordning som vart innført frå hausten 2018. På same måte som i lærlingordninga er det ingen som har ein lovbestemt rett til å få opplæring etter den nye ordninga. Ordninga retter seg primært mot vaksne søkjarar med eller utan rett til vidaregåande opplæring. Det er bedriftene sine kompetansebehov som blir lagt til grunn for søknad om fagbrev på jobb. Det har vore ei stor auke i talet på innmeldte intensjonsavtalar/søknader frå bedriftene frå 2019 til 2020. Fylkeskommunen har gjennom allereie godkjente avtalar om lærekontraktar forplikta seg til å gjennomføre i underkant av 150 kontraktar. Dette vil utløyse tilskot frå fylkeskommunen si side på om lag 10 mill. Det er ikkje teke høgde for ei slik auke i budsjettet for 2020 og fylkesrådmannen tilrår difor at det ikkje vert signert nye lærekontraktar utover dei som fylkeskommunen allereie har forplikta seg til. Fylkesrådmannen ber om å få komme tilbake med ei sak i samband med handsaming av budsjettet for 2021 som vurderer korleis ordninga eventuelt skal innrettast neste år.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bjørn Lyngedal
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn:

Forsøka med fagbrev på jobb starta opp i 2011. Føremålet med forsøka var å utvikla ein alternativ opplæringsveg fram til fagbrev som var tilpassa vaksne ufaglærte i arbeid. Eit sentralt element i forsøka var at vaksne skulle vidareføra jobb og lønn som vanleg mens dei var i opplæring. Hedmark, Nord-Trøndelag, Rogaland, Vestfold og Hordaland deltok i forsøksordninga som gjekk fram til våren 2014.

På grunnlag av erfaringane frå forsøka gjekk regjeringa i Stortingsmelding 16 (2015 – 2016) inn for å etablera ei ordning med fagbrev på jobb som ein alternativ veg til fagbrev i samarbeid med partane i arbeidslivet. Ordninga vart lagt fram for Stortinget i Prop. 52 L (2017-2018) og det vart opna for å tilby ordninga frå hausten 2018.

### Hovudtrekka i opplæringsordninga

- Fagbrev på jobb er ei opplæringsordning på same måte som lærlingordninga og opplæringa i vidaregåande skule.
- Inntak til Fagbrev på jobb har som føresetnad at kandidaten har gjennomført grunnskulen, men det er det ingen som har ein lovbestemt rett til å få opplæring etter fagbrev på jobb-ordninga.
- Ordninga har ikkje krav om fellesfag på vidaregåande nivå.
- Ordninga har inga formell nedre aldersgrense, men sjølve innrettinga av ordninga gjer den primært til eit tilbod for vaksne arbeidstakarar.
- Inntaket til ordninga har som føresetnad at kandidaten har relevant arbeidserfaring minimum 1 år full stilling (80%) før inntak.
- Opplæringsperioden i ordninga er sett til minimum 1 år.
- Verksemda må vera godkjent som læreverksemd for å kunne teikna kontrakt fagbrev på jobb.
- Til kontrakten skal det leggast ved ein individuell opplæringsplan som dekker kandidatens opplæringsbehov ut frå kompetansemåla Vg3 i det aktuelle lærefaget.
- Det skal gå fram av den individuelle opplæringsplanen kva kompetansemål læreverksemda sjølv ikkje kan ta opplæringsansvar for. Hjelp til opplæring i desse måla kan verksemda henta frå andre verksemder, eller frå fylkeskommunen.
- Læreverksemdene får ei årleg godtgjersle tilsvarande basistilskot II, kr 63.500,- per kandidat. Tilskotet skal mellom anna dekke ekstern bistand til opplæringa.

### Innretting av ordninga i tidlegare Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommune

I tidlegare Sogn og Fjordane og i Hordaland fylkeskommunar vart tilbodet for alvor lagt ut hausten 2019. Dei to tidlegare fylkeskommunane har nytta noko ulike tilnærmingar og prosedyrar i forvaltning av ordninga, men begge tilnærmingane er i tråd med krav til opplæringsordninga, jf. Prop.. 52 L (2017-2018).

Fagopplæring Sogn og Fjordane har god kontakt med dei ulike opplæringskontora i det tidlegare fylket og har primært nytta desse kontora for rettleiing om ordninga.
Fagopplæring i Hordaland har nytta vaksenopplæringssentra i den tidlegare fylkeskommunen i arbeidet med å rettleia verksemder og opplæringskontor. Verksemdene sender først inn ein avtale om fagbrev på jobb mellom verksemd og den tilsette. Vaksenopplæringssentra kvalitetssikrar avtala med vedlegg og vurderer lengda på opplæringstida i dialog med verksemda. Vurdering og dokumentasjon vert så sendt til fagopplæring som eit grunnlag for fagopplærings godkjenning gjennom signering av lærekontrakt om fagbrev på jobb.

For verksemdene i Fagbrev på jobb er tilgang på fagkompetanse kritisk. Fokus vert sett på kvalitet i opplæringsløpet og optimalisert opplæringstid. Dette vil også prega verksemda sitt utval av tilsette til ordninga. Til dømes har Bergen kommune som føresetnad at aktuelle kandidatar til

Fagbrev på jobb i helsearbeidarfaget skal ha ein samla kompetanse i faget som gjer det sannsynleg at dei vil nå kompetansemåla gjennom eit opplæringsløp på 1 år -1 ½ år. For fylkeskommunen inneber dette at kostnadene til basistilskotet til ordninga vert tilpassa opplæringsbehovet og halde relativt sett lågt.

**Tal godkjente og signerte kontraktar om fagbrev på jobb pr 01.01.2020**

| Utdanningsprogram med kontraktar | Tal kontraktar |
|---|---|
| Helse og oppvekstfag | 85 |
| Bygg og anleggsteknikk | 28 |
| Naturbruk | 5 |
| Teknikk og industriell produksjon | 12 |
| Elektrofag | 6 |
| Service og samferdsel | 6 |
| Restaurant og matfag | 4 |
| Sum kontraktar | 146 |

Pr 01.02.2020 har Sogn og Fjordane dei fleste kontraktane frå verksemder i privat sektor, medan Hordaland har ei overvekt av avtalar og kontraktar frå offentleg sektor knytt til helse og oppvekstfaga. Denne skilnaden har bakgrunn i at forsøksprosjektet i Hordaland var knytt til helse- og oppvekstfaga og vart prolongert heilt fram til desember 2019. Ordninga er soleis godt kjend i offentleg sektor i Hordaland.

Tal **innmeldte** søknader om fagbrev på jobb

Fagbrev på jobb som opplæringsordning har etter måten stor og aukande merksemd i heile Vestland fylke. Den auka etterspurnaden etter opplæringsordninga kjem til uttrykk i innmeldte avtalar/søknader til fylkeskommunen. Frå slutten av 2019 fram til 01.02.2020 er det meldt inn 316 saker til handsaming, dvs. dobbelt så mange søknader så langt i 2020 som godkjende løpande kontraktar i 2019.

**Finansiering og kostnadar knytt til ordninga**

Alt tyder på at den nye opplæringsordninga har treft eit behov for faglært kompetanse i verksemdene. Det er samstundes klart at kostnadane ved ordninga er betydelege og er forventa å auka.
Det er ikkje lagt til ekstra ressursar til ordninga i den økonomiske ramma til fylkeskommunane. Til spørsmålet om finansiering av kostnadane svarar Kunnskapsdepartementet at ein ikkje kan sjå at den nye opplæringsordninga vil ha ekstra økonomiske og administrative følgjer for fylkeskommunen. Departementet peikar på at ordninga primært gjer det mogeleg for ufaglærte vaksne å nytta den retten dei alt har til vidaregåande opplæring. Ein er på det reine med at ordninga kan medføra at fleire vaksne vil ta i bruk retten til vidaregåande utdanning, men at desse kostnadane er finansiert gjennom rammeoverføringane til fylkeskommunen.
Departementet peikar vidare på at det ikkje er knytt ein lovbestemt rett til å få opplæring etter fagbrev på jobb ordninga og at ordninga dermed heller ikkje pålegg fylkeskommunen auka kostnadar. Fylkesrådmannen viser i denne samanheng til at det er teke initiativ ovanfor Forum for fylkesutdanningssjefar(FFU) og Kommunenes Sentralforbund(KS) for å få undersøkt og løfta spørsmålet om finansiering som ei felles nasjonal sak.

Fylkeskommunen har godkjent i underkant av 150 lærekontraktar om Fagbrev på jobb som skal gjennomførast i 2020. Verksemdene får tilskot frå fylkeskommunen til opplæringa i form av basistilskot II, tilsvarande kr 63.500,- pr. år pr. kandidat Fagbrev på jobb. Estimerte kostnadar for løpande godkjende lærekontraktar fagbrev på jobb :

| | Estimert kostnad i 2020 NOK |
|---|---|
| Godkjende løpande kontraktar | 10.820.000,- |

Note: Gjennomsnittleg lengd av kontraktane fagbrev på jobb sett til 14 mnd
Dersom fylkeskommunen i tillegg vel å godkjenne alle innmeldte intensjonsavtaler/søknader pr. 01.02.20, vil det medføra ein ytterlegare auka kostnad i 2020 på om lag, kr 23.410.000,-.

Vedtakskompetanse

Fylkestutvalet

Vurderingar og verknader

**Økonomi:** saka har konsekvensar for budsjett 2020
**Klima:** ikkje relevant
**Folkehelse:** det er ein godt dokumentert samanheng mellom utdanningsnivå og folkehelse.
**Regional planstrategi:** relevant for regional kompetanseutvikling

Konklusjon

Fylkesrådmannen er på det reine med at Fagbrev på jobb er ei vellukka opplæringsordning som bidreg til å tilføre relevant fagkompetanse, samstundes som ordninga bidreg til at ufaglærte tilsette får høve til å gjennomføra vidaregåande opplæring fram til fagbrev. Fylkesrådmannen vil samstundes peike på at noverande finansiering av ordninga er utilstrekkeleg, og har sett det naudsynt å informere om at det inntil vidare ikkje vert godkjent nye lærekontraktar utover dei som fylkeskommunen allereie har godkjent for budsjettåret 2020.
Fylkesrådmannen tilrår følgjande:

- Fylkeskommunen gjennomfører finansiering av allereie godkjente kontraktar om Fagbrev på jobb med ein estimert kostnad i 2020 på kr 10.820.000,- .
- Fylkeskommunen vil ikkje godkjenne nye lærekontraktar om Fagbrev på jobb i 2020.
- Fylkesrådmannen kjem attende med ei sak hausten 2020 med tilråding til korleis ordninga kan innrettast i 2021, som del av budsjettsaka.

Vestland fylkeskommune

**Innovasjon og næringsutvikling**
Saksframlegg

**Saknr:** 2020/41440-1
**Saksbehandlar:** Kathrin Jakobsen

## Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|---|---|---|
| Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon | | 11.03.2020 |
| Hovudutval for opplæring og kompetanse | 13/20 | 10.03.2020 |

# Regional kompetansepolitikk - status og vegen vidare

Forslag til vedtak

1. For Vestland fylkeskommune er den regionale kompetansepolitikken eit viktig satsingsområde. Denne omfattar fleire politikkområde; Utdanningspolitikk, nærings- og arbeidsmarknadspolitikk og integrerings-/inkluderingspolitikk og som må løftast høgt i Vestland fylkeskommune.

2. Vestland fylkeskommune skal sikre at det blir etablert strukturar og utvikla tilbod på kompetansefeltet som dekkjer alle delar av Vestland fylke.

3. Det vert viktig å arbeide vidare med å påverke nasjonale myndigheiter til å overføre forvaltinga av stønadsmidlar til kompetanseutvikling regionalt til fylkeskommunane.


Samandrag

Gjennom regionreforma har fylkeskommunane fått eit større strategisk ansvar for den regionale kompetansepolitikken. Saka gjev ein gjennomgang av korleis Hordaland og Sogn og Fjordande har arbeida med dette feltet frem til samanslåinga. Dei tre hovudområda for det regionalpolitiske arbeidet er plan/strategiarbeid, partnarskapsarbeid og kunnskapsgrunnlag. Til sist i saka vert det gjeve ei skildring av vegen vidare for Vestland fylke på dei ulike områda innanfor kompetansepolitikken.


Bård Sandal
fylkesdirektør

Kathrin Jakobsen
seksjonssjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Kompetansepolitikken er ikkje eit eige politikkområde, men omfattar både utdanningspolitikk, som primært er retta mot tilbodssida i arbeidsmarknaden (utdanningsinstitusjonane) og næringspolitikk, som primært er retta mot etterspurnadssida i arbeidsmarknaden (arbeidslivet). Avdeling for opplæring og kompetanse og Avdeling for innovasjon og næringsutvikling vil jobbe tett saman for å sikre ein god balanse mellom tilbod og etterspurnad etter kompetanse og arbeidskraft i Vestland fylke. Integrerings-/inkluderingspolitikken er eit anna politikkområde som må koplast på dette arbeidet. På denne måten kan ein sikre at arbeidet med å utvikle kompetansen til dei som står utanfor arbeidsmarknaden blir tilpassa arbeidslivets behov slik at dei kan vere relevante for framtidas arbeidsliv.

Regjeringa har sett kompetansepolitikken høgt på dagsorden. I den nasjonale kompetansestrategien som blei vedtatt i februar 2017 blei det presisert at fylkeskommunane sitt kompetansepolitiske ansvar og samordningsrolle skulle styrkast og at det skulle leggjast betre til rette for regionalt samarbeid mellom ulike kompetanseaktørar. Dette var i tråd med tilrådingane frå OECD. Då OECD i 2014 skulle peike på dei viktigaste utfordringane Noreg har på kompetansefeltet, var manglande ansvarleggjering av det regionale nivået i kompetansepolitikken ei av dei utfordringane dei trekte fram. Det følgde likevel ikkje midlar med denne oppgåva då den blei lagt til fylkeskommunane.

Kunnskapsdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet tok i 2016 initiativ til et nasjonalt pilotprosjekt om regional kompetansepolitikk. Hordaland fylkeskommune var koordinator for dette prosjektet, som hadde som mål å styrke fylkeskommunane sitt arbeid med å utvikle regionale kompetanseplanar. Prosjektet skulle også komme med forslag til god praksis. Sluttproduktet frå prosjektet var med anna eit forslag til 3 felles pilarar som den regionale kompetansepolitikken skulle kvile på:
1) Ein regional kompetanseplan/-strategi
2) Eit regionalt kompetanseforum
3) Eit oppdatert kunnskapsgrunnlag

Føremålet med dette var å gjere den regionale kompetansepolitikken gjenkjenneleg på tvers av fylka og vise nasjonale styresmakter at fylkeskommunane var rusta til å ta den nye samordningsrolla. Fylkesrådmannskollegiet vedtok dette forslaget einstemmig i 2018. Alle fylkeskommunane har med dette forplikta seg til å etablere desse tre pilarane.

Både Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommune har etablert dei tre pilarane, men har jobba noko ulikt innafor denne ramma. Det er viktig å løfte dette politikkområdet høgt i Vestland fylkeskommune og vidareføre det gode arbeidet som er gjort i begge fylka, samstundes som det må gjerast nye grep.

### Status

Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommune har hatt ulike tilnærmingar til kompetansepolitiske arbeidet på grunn av ulike strukturar og ulikt utfordringsbilete.

Pilar 1: Ein regional kompetanseplan/-strategi
Hausten 2017 vedtok fylkestinget i Hordaland fylkeskommune ein regional plan for kompetanse og arbeidskraft. Det overordna målet var å få ein betre balanse mellom tilbod og etterspurnad etter kompetanse og arbeidskraft i den regionale arbeidsmarknaden.

Eit gjennomgåande prinsipp i planen var at arbeidslivets behov skulle vektleggjast i større grad enn før.

Planen har tre satsingsområde med tilhøyrande mål:
1. Nye krav til kompetanse:
   Mål: Arbeidslivet i Hordaland skal ha naudsynt kompetanse for å kunne møte framtidige omstillingsbehov
2. Tilstrekkeleg og relevant arbeidskraft:
   Mål: Arbeidslivet skal ha tilgang til tilstrekkeleg og relevant arbeidskraft for å kunne oppretthalde drifta og ekspandere etter behov:

3. Karriererettleiing:
   Mål: Innbyggjarane i Hordaland skal ha tilstrekkeleg tilgang til profesjonell, offentleg og gratis karriererettleiing, med vekt på karrierelæring, i den livsfasen dei er i.

I Sogn og Fjordane var kompetanse ein integrert del i Verdiskapingsplanen. I tillegg er det utarbeidd ein regional kompetansestrategi med følgjande innsatsområde:

1. Verdiskaping:
   Etablere eit regionalt partnarskap i arbeidet med å identifisere potensialet for fellessatsingar innan digitalisering i kommunal sektor i regi av IT-forum.
2. Arbeidskraftbehov:
   Manglande kapasitet og kompetanse i arbeidsstyrken i Sogn og Fjordane, både på kort og lang sikt.
3. Utdanningsstrategiar
   - Legge til rette for heile og attraktive utdanningsløp som gjer at kompetansen og arbeidskrafta i større grad blir i Sogn og Fjordane.
   - Styrke rekrutteringa til real - og yrkesfagutdanningar.

Pilar 2: Eit regionalt kompetanseforum
I regional plan for kompetanse og arbeidskraft i Hordaland var det viktigaste strategiske grepet å få til eit forpliktande samarbeid mellom næringslivet, offentleg sektor og utdanningsaktørane. I planen blei det sett som krav at samarbeidsmodellen skulle ivareta geografiske forskjellar, involvere dei viktigaste bransjane og sektorane og byggje vidare på etablerte samarbeidskonstellasjonar.

Det resulterte i etableringa av Kompetanseforum Hordaland, lokale kompetanseforum i fem delregionar og kontaktpunkt i dei viktigaste sektorane og bransjane. Kompetanseforum Hordaland skal følgje opp kompetanseplanen og handlingsprogrammet. Dei lokale kompetanseforuma skal fange opp kompetansegap i eigen region, jobbe med heilskapleg karriererettleiing og fleire læreplassar og lærebedrifter. I utgangspunktet skal dei søkje å løyse utfordringane lokalt med dei virkemidlane dei har tilgjengeleg, viss ikkje kan dei legge dei fram for Kompetanseforum Hordaland. Kontaktpunkta i utvalde bransjar er aktørar som allereie har eit nettverk og ei kontaktflate, som til dømes næringsklyngene.

I Sogn og Fjordane var det den regionale partnarskapen for næringsutvikling som fylte funksjonen til eit regionalt kompetanseforum og dei kompetansepolitiske målsettingane i Verdiskapingsplanen. I tillegg var IT-forum Sogn og Fjordane ein viktig samordningsarena for kompetanseutvikling knytt til digitalisering. Rolla deira var lokalt og regionalt å vere i fremste rekke i å nytte IT i næringsliv, offentleg sektor, opplæring og utdanning. Dette nettverket har hatt aktive arbeidsgrupper på breiband, velferdsteknologi, oppvekst og utdanning.

Pilar 3: Eit oppdatert kunnskapsgrunnlag
I Hordaland vart det i 2018 etablert eit statistikkutval leia av Hordaland fylkeskommune og med representantar frå utdanningsinstitusjonane og NAV. Hovudoppgåva til statistikkutvalet er å lage ei årleg samanfatning av tilgjengeleg statistikk og analysar for å skildre kompetansebehovet og utfordringar i regionen. Med utgangspunkt i kunnskapsgrunnlaget gir dei lokale samarbeidsarenaene og bransjekontaktane innspel til Kompetanseforum Hordaland om kva dei vurderer er kompetansebehova i deira region eller bransje. Kompetanseforum Hordaland nyttar dette til å definere kva som er dei viktigaste kompetansebehova og utdanningsaktørane i forumet tek dette med seg inn i planlegginga av utdanningstilboda for neste skuleår.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har kjøpt inn analysar frå Telemarksforsking for å skildre utfordringane i fylket. Dette er lagt til grunn for utarbeiding av ein eigen kompetansestrategi.

I Hordaland blei det utarbeidd eit eiga handlingsprogram til den regionale kompetanseplanen. Nedanfor er nokre døme på kva som er gjort innafor dei tre satsingsområda:

Nye krav til kompetanse: For å fremje ordningar for å identifisere kompetansebehov i arbeidslivet som grunnlag for utvikling av etter- og vidareutdanning og nye utdanningar, har Hordaland fylkeskommune deltatt i to EU-prosjekt med dette som tema:

- Right skills for the right future (RIGHT) : Avdekke og fylle kompetansebehov i små og mellomstore bedrifter i blå næringane og energinæringane og utvikle ein politikk som gjer at ein kan jobbe systematisk med dette i tida framover

- Alliance for Batteries Technology, Training and Skills (Albatts): Utvikle kompetanse i verdikjeda for batteriproduksjon.

Kompetanseforum Hordaland vedtok i 2018 å gjennomføre eit pilotprosjekt for å utvikle etter- og vidareutdanningstilbod i regionen innan digital kompetanse. Prosjektet har fått 2,6 millionar kroner i støtte frå Kompetanse Norge til å gjennomføre prosjektet.

Tilstrekkeleg og relevant arbeidskraft: Det er etablert eit årshjul for arbeidet med dimensjonering av utdanningstilboda i regionen. I 2019 vart fokus retta særskild inn mot behov for kompetanse og arbeidskraft innan helse og omsorg, behov for fleire fagarbeidarar og behov for digital kompetanse.

Seks vidaregåande skular har delteke i eit pilotprosjekt med yrkesfagskoordinatorar med mål om tettare samarbeid med arbeidslivet. Det er etablert 112 samarbeidsavtaler mellom desse skolane og bedrifter i regionen.

Karriererettleiing: Kompetanseforum Hordaland har vedtatt å etablere ei arbeidsgruppe for å samordne karriererettleiingstenestene på ulike utdanningsnivå, karriererettleiing for vaksne og i NAV i tråd med et felles nasjonalt kvalitetsregelverk for å sikre ei gjenkjenneleg karriereteneste gjennom heile livsløpet.

I Sogn og Fjordane har partnarskapen prioritert følgjande tiltak innafor dei tre satsingsområda:

Arbeidskraftsbehov: Analyse på overordna nivå m.o.t. kompetanseutfordringar på kort og lang sikt.

Verdiskaping: Delfinansiering av innovasjonsstruktur i Årdal, Eid og Måløy for å styrke næringsmiljø m.o.t. FoU og innovasjon.

Utdanningsstrategiar:
- Campusutvikling Sogndal og Førde
- Fagskule: Digital undervisning for dei som ønskjer å kombinere arbeid med utdanning.
- Fag- og yrkesopplæring: Eige mål og strategidokument for vidaregåande skule.
- Etter- og vidareutdanning: Fagskulen arbeider med å integrere utvikling av bransjeprogram i sin utdanningsstrategi.
- Utvikle «Gloppen-modellen» som eit opplæringstilbod særskild tilrettelagt for vaksne minoritetsspråklege, der ein kombinerer skule med praksis.
- Teknologifaget i grunnopplæringa: Samarbeid med Campus Førde verftet (Reodorklubb) og Sunnfjord kommune
- IT-utdanning ved Høgskulen på Vestlandet

## Vegen vidare

Vestland fylkeskommune vil etablere ein samarbeidsmodell for Vestland etter same mønster som i Hordaland, sjå vedlagte skisse. Kompetanseforum Vestland skal ha sitt første møte 6. mars. Forumet vil bli leia i fellesskap av fylkesdirektør for opplæring og kompetanse og fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling. Øvrige medlemar vil vere Universitetet i Bergen, Høgskulen på Vestlandet, Norges Handelshøyskole og Fagskolen, representert ved rektorane, og NHO, LO, KS, Helse Bergen/Førde og NAV representert ved øvste leiing.

Det skal etablerast lokale kompetanseforum som skal dekkje alle delar av Vestland fylke. Regioninndelinga er i endring. Vestland fylkeskommune vil gå i dialog med lokale aktørar for å finne ei mest mogleg føremålstenleg inndeling. Kontaktpunkt i dei viktigaste bransjane og sektorane vil bli vidareført. Her vil ein søkje å supplere med fleire kontaktpunkt for å sikre god involvering frå heile fylket.

Tidlegare IT-forum Sogn og Fjordane er blitt til IT-forum Vest. Gjennom eit utvida regionalt samarbeid mellom næringsliv, offentlege aktørar og FoU-miljø, skal IT-forum Vest forsterke rolla som ein viktig utviklingspartnar i det nye Vestland.
I fortsetjinga er det viktig å få til eit godt samspel mellom Kompetanseforum Vestland og IT-forum Vest.

Framtidsfylket er eit samarbeidsprosjekt mellom bedrifter og det offentlege i Sogn og Fjordane for å rekruttere menneske med høgare utdanning til fylket. Frå 2020 omfattar dette også Hardanger-regionen.

Karriere Vestland blei etablert 1. januar 2020, som skal gje karriererettleiing til den vaksne befolkninga i Vestland, 19+. Karriere Vestland vil ha ei leiande rolle i å samordne karriererettleiingstenestene i fylket på dei ulike utdanningsnivåa og i NAV.

I arbeidet med regional planstrategi skal det vurderast om det er behov for ein regional plan for kompetanse i Vestland fylke, eller om dette feltet skal integrerast i andre regionale planar. Det som er viktig er at kompetansepolitikken som er ei overbygging av fleire politikkområde, blir løfta opp og ikkje får ei slagside mot ein enkelt sektor.

Eit oppdatert kunnskapsgrunnlag er viktig både i planprosessen og i oppfølginga av planen. Vestland fylkeskommune har prioritert dette arbeidet og har allereie opparbeidd modellar og arbeidsmåtar som gjer at vi vil få eit best mogleg kunnskapsgrunnlag ut frå det som er tilgjengeleg av statistikk og analysar.

Nasjonale myndigheiter har sett av 130 millionar kroner til gjennomføring av ei kompetansereform i arbeidslivet for at fleire skal kunne stå i jobb lenger. Alle desse midlane blir forvalta nasjonalt av Kompetanse Norge og Diku. Kunnskapsdepartementet har gitt fylkeskommunane i oppgåve å mobilisere bedrifter og kommunar til å søkje på dei nasjonale midlane. Det er viktig at Vestland fylkeskommune tydeleg gjev uttrykk ovanfor nasjonale myndigheiter at delar av desse midlane må forvaltast av fylkeskommunane. Fylkeskommunane har betre føresetnader for å gjere denne jobben gjennom etableringa av dei tre pilarane for den regionale kompetansepolitikken og tett kontakt med arbeidslivet. Dette har Hordaland fylkeskommune tatt til orde for i ei høyringsuttale til NOU 2019:12- Lærekraftig utvikling Livslang læring for omstilling og konkurranseevne. Regjeringa vil våren 2020 leggje fram ei stortingsmelding om kompetansereforma.

Som del av regionreforma har fylkeskommunane fått overført ansvaret for BIO-midlane (Bedriftsintern opplæring) frå NAV. Vestland fylke har fått overført 5,5 millionar kroner i 2020 til dette føremålet. Vidare har Kommunal- og moderniseringsdepartementet sett av midlar i statsbudsjettet til ein kompetansepilot som fylkeskommunane kan søkje midlar til, på til saman 16 millionar kroner over tre år. Fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling vil leggje fram ei politisk sak for kvar av desse ordningane i hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon og hovudutval for opplæring og kompetanse i løpet av våren.

I tillegg til nasjonale midlar kan fylkeskommunane og andre regionale aktørar søkje prosjektmidlar frå EU sitt opplæringsprogram Erasmus+. Programmet kan finansiere alt frå mobilitetsprosjekt, der elevar, studentar, lærarar, men også lokale tverrfaglege grupper med representantar frå næringsliv, kommune og vidaregåande skule kan reise ut og lære av andre regionar i Europa, til strategiske partnarskapsprosjekt og sektoralliansar med betydelege stønadssummar. Dette bør vere ei prioritert oppgåve for Vestland fylkeskommune.

## Vedtakskompetanse

Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon og hovudutval for opplæring og kompetanse.

## Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Ikkje relevant
**Klima:** Ikkje relevant
**Folkehelse:** Det er godt dokumentert samanheng mellom utdanning og folkehelse.
**Regional planstrategi:** Regional kompetanseutvikling vil vere eit tema i arbeidet vidare med regional planstrategi.

## Konklusjon

Med regionreforma har fylkeskommunen fått eit større strategisk ansvar for den regionale kompetansepolitikken. Vestland fylke med sin næringsstruktur, geografi og befolkningssamansetting har andre behov og utfordringar enn mange andre fylke. Gjennom ein offensiv kompetansepolitikk kan Vestland fylkeskommune sikre at ein finn regionale løysingar som

er tilpassa dei behova og utfordringane vi har i dei ulike delane av fylket. Alle fylkeskommunane har forplikta seg til å basere kompetansepolitikken på tre pilarar; ein regional kompetanseplan/-strategi, eit regionalt kompetanseforum og eit oppdatert kunnskapsgrunnlag. Dette politikkområdet må difor løftast høgt i arbeidet med regional planstrategi der ein ser utdanningspolitikk, næringspolitikk og inkluderings- og integreringspolitikk i samanheng. Kompetanseforum Vestland, som er sett saman av sentrale aktørar i fylket innafor alle desse felta og leia av fylkeskommunen, har som oppgåve å samordne og drive dette arbeidet framover.